

Seattle-jam

KONSERT 

Pearl Jam. Alaska. Oslo.

SEATTLE-rocken har fått ein varm velkomst. På Alaska fredag 8. februar fekk Pearl Jam erfare at også nordmenn har eit heitt forhold til rock.

Skin Yard (anført av Sub Pops husprodusent, gitaristen Jack Endino) plugga ipå

Rockall før jul til glede for dei genuint rockeinteresserte, mens alle andre var ivrig opp-tatt med å hype Nirvana og Pearl Jam. Om ikkje lenge vil også Soundgarden og Mudhoney dukke opp henholdsvis på Alaska og Cosmopolite. For det store publikummet vil likevel konserten med det meir straumlinjeforma Pearl Jam bli ståande som Seattlefenomenets første besettelse av Norge.

Forventninga hadde bygd seg opp etter stadige Nirvana-avlysingar og utladingafredag kveld var interessant nok i seg sjølv. Eit ureservert publikum iekstatisk trengsel. Pearl Jam tillet uavgrensa utfoldelse frå scenekanten og flake-flaksarane kasta sjorta og hadde si travlaste økt på lenge. Det heilekuliminerte med at vokalist Eddie klatra opp i takrøyra og kasta seg ut i detsveitte og hese folkehavet.

Fullt så morsom var ikkje musikken. Pearl Jam stiller ved sida av Nirvana (om viser vekk frå det primale Bleach-albumet!) i klassen Seattle-soft, og utan å ha utvikla noen personleg klang/melodi slik som Nirvana. Pearl Jam fungerer godt oger suggerande når dei uthalar sine mest groovy låtar i god gammaldagsjamme-tradisjon. Men andre ganger (alt for mange) lagar dei upersonleg-

mimre-glam, eller dei trekker viser som eit Zeppelin på re-tur (eller er detkanskje før start?) Det er unektlig eit framskritt at det er unge pågåande musikarar som tek for seg denne musikken, noe som i det minste er langt meir interessant enn alle nostalgiske veterantreff. Men vi som har syttitalsrockensom ballast er jo også hypp på noe verkeleg nytt.

IVAR ORVEDAL



Svelt på Alaska: (Foto: Håvard Houen)